



Vang  
kommune

# Kulturstrategi

Vang kommune

2027–2040



# Innhald

|                                                      |    |
|------------------------------------------------------|----|
| Innhald .....                                        | 2  |
| Samandrag .....                                      | 3  |
| 1 Innleiing.....                                     | 4  |
| 1.1 Bakgrunn og føremål.....                         | 4  |
| 1.2 Kultur og beredskap.....                         | 4  |
| 1.3 Forankring.....                                  | 5  |
| 2 Vang kommune – kultur og samfunn .....             | 6  |
| 2.1 Lokalsamfunn og identitet.....                   | 6  |
| 2.2 Kultur som samfunnsutviklar.....                 | 6  |
| 2.3 Vår kulturprofil – kva kjenneteiknar Vang? ..... | 6  |
| 3 Overordna mål og strategiar .....                  | 7  |
| 3.1 Hovudmål .....                                   | 7  |
| 3.2 Kommunen si rolle i kulturlivet .....            | 7  |
| 3.3 Kultur skapar verdi.....                         | 7  |
| 4 Strategiske innsatsområde .....                    | 9  |
| 4.1 Barn og unge .....                               | 9  |
| 4.2 Kulturskule .....                                | 9  |
| 4.3 Bibliotek .....                                  | 10 |
| 4.4 Frivillig sektor og frivilligsentralen .....     | 10 |
| 4.5 Idrett, fysisk aktivitet og nærmiljøanlegg ..... | 10 |
| 4.6 Kulturminne og lokalhistorie.....                | 11 |
| 4.7 Arrangement og kulturopplevingar .....           | 11 |
| 4.8 Kultur, næring og reiseliv .....                 | 11 |
| 5 Verkemiddel for gjennomføring .....                | 12 |
| 5.1 Samarbeid og samhandling.....                    | 12 |
| 5.2 Spelemidlar .....                                | 12 |
| 5.3 Tilskotsordningar.....                           | 12 |
| 5.4 Kompetanse og rådgiving .....                    | 12 |
| 5.5 Anerkjenning, synleggjering og fellesskap.....   | 13 |
| 5.6 Digitale verkemiddel .....                       | 13 |
| 6 Oppfølging og evaluering.....                      | 14 |
| 6.1 Medverknad og prosess .....                      | 14 |

## Samandrag

Kulturstrategien for Vang kommune 2027–2040 peikar ut retninga for utviklinga av kunst- og kulturlivet i kommunen. Strategien bygger på visjonen om at kultur skal vere ein naturleg del av kvardagen og ei drivkraft for livskvalitet, fellesskap og berekraftig samfunnsutvikling. Eit levande kulturliv skal bidra til identitet, inkludering, folkehelse og attraktivitet, og vere ein ressurs i utviklinga av lokalsamfunnet.

Strategien legg til grunn at kulturen har ein eigenverdi, samstundes som han skapar verdiar for oppvekst, helse, demokrati, næring, reiseliv og beredskap. Kommunen skal vere ein tilretteleggar og samarbeidspartnar som styrkjer frivillig engasjement, fremmar deltaking og legg til rette for samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og offentlege aktørar.

Strategien løftar fram åtte strategiske innsatsområde:

- barn og unge
- kulturskule
- bibliotek
- frivillig sektor og frivilligsentralen
- idrett, fysisk aktivitet og nærmiljøanlegg
- kulturminne og lokalhistorie
- arrangement og kulturopplevingar
- kultur næring og reiseliv

Gjennom mål og strategiske grep innan desse områda skal kommunen utvikle eit mangfaldig kulturliv med rom for både tradisjon og nyskaping.

Handlingsdelen blir rullert årleg i samband med økonomiplan og budsjett.

# 1 Innleiing

Vang skal vere ein kommune der kultur er ein naturleg del av kvardagen og ei drivkraft for livskvalitet, fellesskap og berekraftig samfunnsutvikling.

Kunst og kultur er ein viktig del av det demokratiske fundamentet vårt og spelar ei sentral rolle i utvikling av individ og lokalmiljø.

I Vang har barn, unge, vaksne og eldre gode moglegheiter til å skape, oppleve og delta i kulturlivet. Eit rikt kulturliv, sterke frivillige lag og organisasjonar, levande kulturarv og attraktive møteplassar skal bidra til å styrke identitet, inkludering og folkehelse.

Kulturen skal vere ein ressurs for læring, demokrati og samfunnsengasjement, og ein naturleg samarbeidspartnar innan oppvekst, helse, næring, reiseliv og beredskap. Gjennom samarbeid mellom kommunen, frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarane skal Vang utviklast som ein attraktiv kommune.

Kulturstrategien skal legge grunnlaget for eit kulturliv som tek vare på tradisjonane, samstundes som han opnar for nyskaping, kreativitet og nye kulturuttrykk.

## 1.1 Bakgrunn og føremål

*Kulturstrategien for Vang kommune 2027–2040* er eit strategisk styringsdokument for kommunen sitt arbeid med kunst og kultur.

Strategien skal:

- styrke kulturen som grunnlag for livskvalitet, identitet og fellesskap
- legge til rette for brei deltaking i kulturlivet
- samordne kommunale verkemiddel innan kultur, frivilligheit og kulturarv
- vere eit reiskap for politiske prioriteringar, drift og utviklingsarbeid

## 1.2 Kultur og beredskap

Kultur og kulturinstitusjonar spelar ei viktig rolle i kommunen sitt arbeid med beredskap, krisehandtering og samfunnstryggleik. I Vang kommune skal kultur brukast som ein ressurs for å styrke fellesskap, informasjonsdeling og psykososial støtte i møte med uønskte hendingar og kriser.

Biblioteket og andre eigna kulturarenaer kan fungere som møteplassar og informasjonsknutepunkt ved kriser, i samarbeid med kommunen si kriseleiing. Frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet representerer viktige nettverk som kan bidra i ein beredskapssituasjon.

Kulturtiltak kan òg ha ein førebyggjande funksjon ved å styrke fellesskap, inkludering og tillit i lokalsamfunnet. Kommunen skal difor sjå kulturfeltet i samanheng med overordna beredskapsplanverk og vurdere kulturaktørar og -arenaer som ein del av den samla beredskapsressursen i kommunen.

### 1.3 Forankring

Kulturstrategien er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi, og bygger på nasjonale kulturpolitiske mål og regional kulturstrategi for Innlandet.

Følgande dokument er viktige grunnlag:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2025 – 2040)
- Kulturminneplan for Vang kommune (2018)

Kulturlova slår fast at offentlege styresmakter skal legge til rette for eit breitt og mangfaldig kulturliv. Lova stiller også krav om kommunal planlegging og oversikt over kulturlivet i kommunen.

Kulturstrategien bygger på forståinga at kunst og kultur er ein sentral ressurs i samfunnsutviklinga og er viktig for å gjera kommunen attraktiv. Strategien legg til grunn at kulturperspektivet skal inngå i kommunen sitt arbeid på tvers av sektorar.

## 2 Vang kommune – kultur og samfunn

### 2.1 Lokalsamfunn og identitet

Vang kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv. Kulturen er nært knytt til natur, historie, landbruk og reiseliv, og spelar ei sentral rolle i å skape tilhøyrse, fellesskap og attraktivitet i kommunen. Kulturidentiteten kjem mellom anna til uttrykk gjennom stølstradisjonar, musikk, handverk, kulturminne og friluftsliv. Desse ressursane er viktige og skal vidareutviklast i samspel med nye uttrykk og nye generasjonar.

### 2.2 Kultur som samfunnsutviklar

Kultur er eit verktøy for at Vang skal vere ein god kommune. Når folk får vere kreative og delta på aktivitetar skapar det betre helse. Eit aktivt kulturliv bidreg til å redusere utanforskap og er ein ressurs i arbeidet med å skape trygge og inkluderande lokalsamfunn. Difor er kultur av stor betydning for utviklinga av kommunen.

### 2.3 Vår kulturprofil – kva kjenneteiknar Vang?

Vang kommune har ein sterk kulturidentitet forma gjennom eit levande kulturliv. Kulturarven kjem til uttrykk gjennom Kongevegen over Filefjell, stavkyrkjene, stølstradisjonane, lokalhistoria og eit rikt kulturlandskap. Kommunen har høgt frivillig engasjement med eit mangfald av lag og foreiningar, levande idretts- og friluftsliv og aukande kunst- og kulturaktivitet.

Kulturstrategien skal bygge vidare på desse kvalitetane, samtidig som han skal legge til rette for nyskaping, samarbeid og nye kulturuttrykk. Målet er å utvikle eit kulturliv som tek vare på tradisjonane, men som også gir rom for nye møteplassar, nye uttrykk og nye generasjonar.

### 3 Overordna mål og strategiar

Kulturstrategien er forankra i kommuneplanen *Vang mot 2040* og skal bidra til å nå kommunen sitt overordna mål:

***Vang kommune skal vere ein god kommune å bu og vekse opp i (Vang mot 2040)***

#### 3.1 Hovudmål

Kulturstrategien skal legge til rette for at alle innbyggjarar i Vang har tilgang til eit mangfaldig kulturliv og gode moglegheiter til å delta, skape og oppleve kultur gjennom heile livet.

**Strategien skal bidra til:**

- brei deltaking i kulturlivet gjennom heile livet
- vern og aktiv bruk av kulturarv og lokal identitet
- sterke frivillige lag og organisasjonar
- attraktive møteplassar
- betre folkehelse og sosial inkludering
- berekraftig nærings- og reiselivsutvikling
- styrke arbeidet med tidleg innsats

#### 3.2 Kommunen si rolle i kulturlivet

Vang kommune skal legge til rette for aktivitet, møteplassar og utvikling gjennom samarbeid, rettleiing, koordinering og målretta bruk av verkemiddel.

Kulturlivet i Vang er i hovudsak bygd på frivillig innsats og lokal skaparkraft. Kommunen skal støtte oppunder – ikkje erstatte – dette engasjementet. Gjennom samarbeid på tvers av tenestoområde skal kulturperspektivet integrerast i planlegging og utvikling innan oppvekst, helse, næring og samfunnsutvikling.

#### 3.3 Kultur skapar verdi

Den kulturelle grunnmuren – bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, kulturarenaer, idretts- og nærmiljøanlegg og frivillige lag og organisasjonar – er ein ressurs for deltaking, læring og livslang utvikling. Kommunen, frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarane samarbeider for å utvikle denne ressursen.

Kultur er difor eit viktig verkemiddel for å nå kommunen sine overordna mål innan folkehelse, oppvekst, næring, reiseliv og samfunnsutvikling.

KS viser i rapporten *Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen* (2024) at kultur har ein eigenverdi, men også skapar breie samfunnsverdiar. Rapporten peikar på seks område der kultur bidreg til samfunnsutvikling: humane verdiar, sosiale verdiar, økonomisk verdi, naturverdiar, fysiske verdiar og politisk/administrativ verdi.

## KULTUR SKAPER VERDI

KS peikar på at kultur skaper verdi innan fleire samfunnsområde.  
Kultur har eigenverdi og skapar ringverknader i heile samfunnet.



Illustrasjon laga med hjelp av KI

## 4 Strategiske innsatsområde

Kulturstrategien bygger på åtte strategiske innsatsområde som skal vere førande for utviklinga av kulturlivet i Vang fram mot 2040. Innsatsområda tek utgangspunkt i kommunen sine styrkar, utfordringar og moglegheiter, og viser korleis kultur skal bidra til å nå kommunen sine overordna mål om livskvalitet, inkludering, attraktivitet og berekraftig samfunnsutvikling.

For kvart innsatsområde er det formulert eit strategisk mål og kva strategiske grep kommunen skal ta for å nå målet.

### 4.1 Barn og unge

Mål: Barn og unge skal ha rike moglegheiter til å oppleve, skape og delta i kulturlivet, uavhengig av bakgrunn, funksjonsevne og bustad.

#### Strategiske grep

- koordinere og tilrettelegge kulturtilbod i kommunen for alle
- styrke samarbeidet mellom barnehage, skule, kulturskule og frivillig sektor
- legge til rette for at barn og unge kan vere med å utvikle kulturtilbodet i kommunen
- bruke kultur som verkemiddel for inkludering, meistring og god psykisk helse

### 4.2 Kulturskule

Mål: Kulturskulen skal vere eit kompetanse- og utviklingssenter for kunst og kultur på tvers av tenester og for heile kommunen. Kulturskulen skal gje moglegheiter for både mangfald og fordjuping, og tilby eit breitt spekter av tradisjonelle og moderne kulturuttrykk.

#### Strategiske grep

- sørge for høg kompetanse i eit breitt utval av fagområde
- utvikle samarbeidsformer på tvers av tenester
- etablere ein utstyrsark av høg kvalitet til bruk der det trengs
- etablere ordningar for redusert betaling til dei som treng det

## 4.3 Bibliotek

Mål: Biblioteket skal vere kommunen sin opne møteplass for kunnskap, kultur og demokrati.

### Strategiske grep

- utvikle biblioteket som ein open møteplass for alle
- formidle litteratur og kultur gjennom aktuell boksamling og arrangement
- legge til rette for debatt, læring og samfunnsdeltaking
- samarbeide med lokale, regionale og nasjonale aktørar

## 4.4 Frivillig sektor og frivilligsentralen

Mål: Frivillig sektor skal vere ei drivkraft i utviklinga av eit levande og inkluderande kulturliv i Vang.

### Strategiske grep

- anerkjenne frivillig innsats som ein viktig samfunnsressurs
- samarbeide med frivillige organisasjonar
- utvikle frivilligsentralen som møteplass og samarbeidsarena

## 4.5 Idrett, fysisk aktivitet og nærmiljøanlegg

Mål: Alle innbyggjarar skal ha gode moglegheiter til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennom heile livet.

### Strategiske grep

- legge til rette for både organisert og eigenorganisert aktivitet
- styrke samarbeidet med idrettslag og friluftsgaardar
- kartlegge areal for idrett, fysisk aktivitet og nærmiljøanlegg og sikre desse i kommuneplanen sin arealdel
- stimulere til universell utforming av arenaer og anlegg

## 4.6 Kulturminne og lokalhistorie

Mål: Kulturminne og lokalhistorie skal takast vare på og brukast aktivt som ressursar for identitet, læring og berekraftig utvikling.

### Strategiske grep

- sikre kulturminne gjennom omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel
- styrke formidling av lokalhistorie og kulturarv
- samarbeide med eigarar, historielag og frivillige
- bruke kulturarven aktivt i utvikling av næring og reiseliv

## 4.7 Arrangement og kulturopplevingar

Mål: Vang skal ha eit mangfald av kulturarrangement som skapar opplevingar, fellesskap og attraktivitet.

### Strategiske grep

- legge til rette for utvikling av lokale kulturinitiativ
- stimulere til samarbeid mellom frivillige, profesjonelle kulturaktørar og næringsliv
- utvikle rammevilkåra for arrangement og kulturproduksjon
- legge vekt på kvalitet, berekraft og lokal forankring

## 4.8 Kultur, næring og reiseliv

Mål: Kultur skal vere ein drivkraft for berekraftig næringsutvikling, stadutvikling og reiseliv.

### Strategiske grep

- 
- 
- utvikle nye kultur- og reiselivsopplevingar med utgangspunkt i Vang sin kulturarv og identitet
- stimulere til kreative næringar og kulturbaserte opplevingar

## 5 Verkemiddel for gjennomføring

Dei strategiske innsatsområda må omsettast til konkrete handlingar. Vang kommune brukar fleire verkemiddel for å nå måla i strategien.

Kommunen si rolle er først og fremst å vere ein tilretteleggar og koordinator. Økonomiske tilskot er eitt av fleire verkemiddel, og skal sjåast i samanheng med rådgiving, kompetanseutvikling, samarbeid, tilrettelegging og utvikling av kulturarenaer.

Val av verkemiddel vil variere ut frå mål, målgruppe, kommunen si rolle og dei økonomiske rammene kommunestyret vedtek gjennom budsjett og økonomiplan.

### 5.1 Samarbeid og samhandling

Vang kommune skal legge til rette for samarbeid på tvers av sektorar og stimulere til samarbeid som styrker kulturlivet og bidreg til lokal utvikling. Gjennom dialog, samhandling og felles prosjekt kan kommunen mobilisere ressursar og skape større verdi enn det den enkelte aktøren kan oppnå åleine.

### 5.2 Spelemidlar

Spelemidlar er eit viktig verkemiddel for utvikling av kultur- og nærmiljøanlegg i Vang kommune. Kommunen skal ha ei aktiv rolle i rettleiing, prioritering og samordning av søknadar om spelemidlar, og sikre at anlegg for både organisert og eigenorganisert aktivitet blir vurderte i tråd med lokale behov og overordna planar.

### 5.3 Tilskotsordningar

Kommunale kulturmidlar og andre tilskotsordningar er eitt av fleire verkemiddel for å utvikle kulturlivet i Vang. Midlane skal forvaltast etter politisk vedtekne retningslinjer og innanfor dei økonomiske rammene kommunestyret fastset. Tilskot kan brukast til drift, utviklingsprosjekt og nyskaping når dette er i tråd med kommunen sine prioriteringar.

### 5.4 Kompetanse og rådgiving

Vang kommune skal bidra med rettleiing og rådgiving til lag, foreiningar og kulturaktørar. Kommunen skal legge til rette for kompetanseutvikling, erfaringsdeling og samarbeid som styrker kulturlivet og gjer aktørane betre i stand til å utvikle aktivitetar og søke ekstern finansiering.

## 5.5 Anerkjenning, synleggjering og fellesskap

Anerkjenning av lokal innsats styrker identitet, fellesskap og motivasjon for vidare engasjement. Vang kommune bidreg til å synleggjere og verdsette innsatsen til frivillige, kulturutøvarar, idretten og næringslivet som skapar aktivitet og livskraft i lokalsamfunnet. Kommunen etablerer møteplassar og arrangement som løftar fram lokal kultur, frivillig innsats og samfunnsengasjement. Slike arrangement bidreg til å bygge stoltheit, styrke samarbeidet mellom ulike aktørar og synleggjere verdien av den innsatsen som blir lagd ned i lokalsamfunnet.

## 5.6 Digitale verkemiddel

Kommunen skal også stimulere til bruk av digitale løysingar og ny teknologi for å styrke formidling, samarbeid og deltaking i kulturlivet. Digital kompetanse kan bidra til å gjere kunst og kultur meir tilgjengeleg for fleire og skape nye moglegheiter for læring, formidling og utvikling.

## 6 Oppfølging og evaluering

Oppfølging av kulturplanen ligg til kommunen sitt kulturområde i samarbeid med andre relevante einingar. Planen skal brukast som styringsverktøy i den daglege verksemda og som grunnlag for politiske prioriteringar.

Handlingsdelen skal rullerast årleg i samband med økonomiplan og budsjett, og status for gjennomføring skal rapporterast årleg. Planen skal evaluerast midtvegs i planperioden, og endrast ved behov.



*Illustrasjon er laga ved hjelp av KI*

### 6.1 Medverknad og prosess

Kulturplanen er utarbeidd som administrativt strategi. Alle innbyggjarar er oppfordra til å gje innspel.

Kommunale råd og lag og foreiningar er spesielt invitert til å utale seg.